

**Frå:** Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>  
**Send:** fredag 1. september 2023 07:58  
**Til:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** SV: Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 58/77  
Lygren indre

**Vedlegg:** SignerteNabovarsel.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Fullført

God morgon.

Eg er usikker på om det er nødvendig å sende ut nytt nabovarsel ut frå at arealføremålet er eit anna enn det som vart sendt ut. Det har ikkje kome andre merknader enn frå den eine naboen. Eg meiner det vart levert inn skjema med signering/ kvittering for mottatt nabovarsel. Legg desse ved her for ordens skuld.

Fint om eg kan få ei tilbakemelding på det før eg sender deg svar på punkta du har lista opp.

Med venleg helsing  
Karl Atle Taule

 **TAULE**  
**ING. TAULE AS**  
Radøyvegen 1400, 5936 Manger  
Mob. 90866010  
[atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)

---

**Fra:** Anne Lise Molvik [<mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no>]  
**Sendt:** onsdag 30. august 2023 12.18  
**Til:** Karl Atle Taule <[atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)>  
**Emne:** Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 58/77 Lygren indre

Til Ing. Taule As

Eg viser til samtale i dag vedkomande søknad om tiltak på eigedomen gbnr 58/77. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Slik vi snakka om treng vi tilbakemelding på følgjande:

1. Dersom det skal etablerast tiltak i sjø på djupne - 2 meter under sjøkartnull, krev tiltaket søknad om dispensasjon frå marin verneplan for Lindåsosane og Lurefjorden. Dette er vanskeleg å vurdera ut frå innsend dokumentasjon. Djupne i sjø bør førast på teikningane.
2. Teikningar av bryggje må sendast inn.
3. Tiltaket skal etablerast på eigedomen som er avsett til LNF-føremål, ikkje LNF-spreidd fritidsbustad slik det går fram av søknaden. Omsøkt tiltak krev dispensasjon frå LNF-føremålet, arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag og pbl § 1-8. Søknaden bør oppdaterast i forhold

til kva forhold tiltaket krev dispensasjon frå. Opplysningar om kvifor det er nødvendig med eiga brygge/naust i staden for dagens løysing, samt at brygge vert utforma slik at tiltaket er reversibelt bør med i søknaden.

4. Vi ser at søknaden er send inn før fristen for alle naboar til å koma med merknadar er ute. Vi ber om at det vert opplyst om det er andre nabomerknadar enn den vi har mottatt.

Søknaden vert tatt til behandling straks tilbakemelding ligg føre. Frist for tilbakemelding vert sett til 21. september.

Vennleg helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40/45 37 58 45

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE